

ÅRSPLAN FOR DALSYRA OG HOVDEN BARNEHAGE 2020 - 2021



Velkommen til Dalsøyra og Hovden barnehage.

I årsplanen har me samla opplysningar som gjelder begge barnehagane. Det ligg og ein del praktisk informasjon på heimesida til barnehagen som me ynskjer at dykk les igjennom, td:

- Skriv «Informasjon til foreldre»: praktisk informasjon om barnehagen, markeringar, utstyr, bursdagar, gode råd for tilvenning, m.m, dette finn du øvst på høgre side.
- Søknad om barnehageplass, endring av plass, redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for 3, 4 og 5 åringane - dette finn du på høgre side under «Søknad barnehageplass m.m»
- Detaljert handlingsplan for Dalsøyra og Hovden barnehage ligg ute på heimesida til barnehagen.

Trykk [HER](#) for å komme til heimesida.

Trykk [HER](#) for å komme til handlingsplanen for stor avdeling

Trykk [HER](#) for å komme til handlingsplanen for liten avdeling

Denne årsplanen tek utgangspunkt i den nye rammeplanen for barnehagar som gjeld frå 01.08.17. Trykk [HER](#) for å komme til «Rammeplan for barnehagen»

Me prøver å vere fleksible i vår planlegging slik at det er plass til barna sine ynskjer, tankar og meiningar, jf.krav om barnas medverknad, frå rammeplanen kap. 4.

God lesing!

LEIAR

Mona Haveland Midtun

NESTLEIAR

Anne Marit Oppedal

PERSONALET I DALSYRA BARNEHAGE.

TLF 41429517

STOR AVDELING REGNBOGEN

Åshild Dæ Midtbø	80% ped.leiar (mån, tys, tors, fre)
Heidi H. Liahagen	80% barne- og ungdomsarbeidar(mån, tys,ons, fre)
Torill Undal	20% assistent (torsdag)

LITEN AVDELING REVEHIET

Malin Rambjørg	80% ped.leiar, frå oktober,(mån, tys, ons, fre)
Marielle Loua Stene	100% ped.leiar til oktober, disp pga m. utdanning
Anna Svardal	80% assistent (man, ons, tors, fre)

Grunnsyn Dalsøyra og Hovden barnehage:

VIKARAR;

Britt Jane Lihaug 20% fast vikar

PERSONALET I HOVDEN BARNEHAGE

STOR AVDELING

TLF; 95011394

Inga Fönn Sigurbjorsdóttir	100% ped.leiar
Eirik Halsnes	100% barnehagelærer
Silje Furnes	80% assistent (tys, ons, tors, fre)
Marielle Loua Stene	100% assistent

LITEN , REGNBUE

TLF; 47798067

Hanne Slartmann	80% ped.leiar (man, ons, tors, fre)
Mariola Owczarek	100% barnehagelærer
Johanne Halsvik	80% (man, tys, tors, fre)
Inger Halsvik	40% assistent (man og ons)

Alle barnehagar skal byggje på barnehagelova, rammeplanen og internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, slik som barnekonvensjonen.

Me ynskjer å utdjupe nokre ord som er viktige for oss, desse orda heng tett saman, og me finn dei att både i lova, barnekonvensjonen og i rammeplanen for barnehagen:

Omsorg – dette er det mest grunnleggande for tryggleik, trivsel og utvikling hjå barna. Me skal sikre at alle blir sett, forstått, respektert og anerkjent for den dei er. Me vaksne skal vere gode «ladestasjonar» for alle barna. Barna skal både få vere mottakarar av omsorg, men og få lære å gje omsorg til andre.

Leik – leiken skal vere den viktigaste aktiviteten i våre barnehagar. Alle barn skal få delta i leik, oppleve gleda ved leik, oppleve fellesskapet, humoren, spenninga og undringa som leiken gjev. Me skal leggje til rette for variert leik både ute og inne, og gje tid og rom for barna

Medverknad – me skal fange opp barna sine kroppslege og verbale uttrykk, prøve å tolke dei med eit godt blikk, og svare på uttrykka på ein tydeleg og ansvarleg måte. Alle barn skal få erfare at dei er med å påverke det som skjer i barnehagen. Viktige stikkord for oss er «det gode blikket», observasjon, impulsivitet og barnesamtaler.

og kvar barn skal få ulike erfaringar, kunnskapar, ferdigheiter og haldningar som gjer dei til sosiale, sjølvstendige og nysgjerrige individ. Me skal motivere barna til å ta utfordringar, og la dei få oppleve meistring. Dei skal få bruke heile kroppen sin, og heile sanseapparatet.

«Jeg skulle ønske dagens barn lekte mer enn de gjør, for den som leker som liten får en rikdom inni seg som man kan øse av hele livet. Man bygger opp en varm, hyggelig verden inni seg. En verden som gir styrke om livet blir vanskelig. Et sted man kan ty til i motgang og sorg».
Sitat: Astrid Lindgren

Barna i Dalsøyra og Hovden barnehage

Dalsøyra barnehage

Regnbogen

2015; 2 gutar og 2 jenter

2016; 2 gutar

2017; 1 gut

Revehiet;

2018; 2 gutar og 1 jente

2019; 3 gutar

Hovden

Stor Avdeling;

2015; 4 gutar og 2 jenter

2016; 1 gut og 1 jente

2017; 2 gutar og 2 jenter

Regnbuen;

2018; 4 gutar og 1 jente

2019; 2 jenter

Dalsøyra barnehage kan ta imot 27 plassar (1.5 avdeling) og Hovden kan ta i mot 36 plassar (2 avdelingar).

AUGUST

TILVENNING og
«KROPPEN VÅR»

**14; planleggingsdag
og nytt barnehageår**

SEPTEMBER

«KROPPEN VÅR»,
BRANNVERN

BRAVO START

Veke 39; foreldremøte

OKTOBER

DINOSAUR, HAUST

Foreldresamtalar

5; planleggingsdag

Veke 41; haustferie

NOVEMBER

FARSDAG, ADVENT;

Farsdagsgåver,
julegåver, julesongar

13. planleggingsdag

DESEMBER

ADVENT, JUL;

Julegåver,
julesongar, julekos

juletreffest

JULI

FERIE,
SOMMARMODUS

Veke 28,29,30 er me
felles i HOVDEN
barnehage

Handlingsplan for stor avdeling Dalsøyra og Hovden

JANUAR

TILVENNING

VINTER

4; planleggingsdag

JUNI

SYKKELDAG,
SOMMAR,
AVSLUTNING FOR
FØRSKULEN

sommarfest

MAI

VÅR, 17 MAI, POLSK
NASJONALDAG

Me markerar
nasjonaldagar og har
fokus på vår og
planting

APRIL

PÅSKE, VÅR

foreldresamtalar

MARS

FORUT; Nanah og
sjimpanseskogen

VÅR og PÅSKE

13. planleggingsdag

Forut kafe

FEBRUAR

MORSDAG, SAMANE.

vinterferie

6; samefolkets dag

26; Karneval

AUGUST

TILVENNING og
«KROPPEN VÅR»

14; planleggingsdag
og nytt barnehageår

SEPTEMBER

«KROPPEN VÅR»,
BRANNVERN
BRAVO START

Veke 39; foreldremøte

OKTOBER

GARDSDYR, HAUST
Foreldresamtalar
5; planleggingsdag
Veke 41; haustferie

NOVEMBER

FARSDAG, ADVENT;
Farsdagsgåver,
julegåver, julesongar
planleggingsdag

DESEMBER

ADVENT, JUL;
Julegåver, julesongar,
julekos
juletreffest

JULI

FERIE,
SOMMARMODUS

Veke 28,29,30 er me
felles i HOVDEN
barnehage

Handlingsplan for liten avdeling Dalsøyra og Hovden barnehage

JANUAR

TILVENNING
VINTER

4; Planleggingsdag

JUNI

SYKKELDAG,
SOMMAR,

sommarfest

MAI

VÅR, 17 MAI, POLSK
NASJONALDAG

Me markerar
nasjonaldagar og har
fokus på vår og
planting

APRIL

VÅR og PÅSKE

foreldresamtalar

MARS

FORUT; Nanah og
sjimpanseskogen

VÅR og PÅSKE
13. planleggingsdag
Forut kafe

FEBRUAR

MORSDAG, SAMANE.

vinterferie
6; samefolkets dag
26; Karneval

DAGSRYTME DALSYØYRA OG HOVDEN

Kl 07.30 Barnehagen opnar (Dalsøyra barnehage er felles på denne tida, men ikkje Hovden).

Kl 08.30 Frukost, deler oss på Revehiet (liten) og Regnbogen (stor) (frukost er fram til kl 09:00).

Ca kl 09.00 aktivitet inne, frileik, barna vel aktivitetar sjølv.

Ca kl 09.30 ryddetid

Ca kl 09.40 Samling, eige tema og songsamling

Ca kl 09.55 Bleieskift og toalettbesøk

Ca kl 10.00 Lesebok/Bravoleiken

Ca kl 10.20 Aktivitet inne eller ute, alle går på do før dei går ut.

Ca kl 11/ 11.30 Lunsj



Ca kl 12.10 Kvilestund/soving, med roleg musikk, lydbok eller høgtlesing

Ca kl 12.20 Aktivitet inne eller ute, alle går på do før dei går ut.

Ca kl 14.00 Frukt

Ca kl 14.30 aktivitet inne/ute, alle går på do før dei går ut.

Ca kl 15.15 Bleieskift og toalettbesøk

Kl 16.30 barnehagen stengjer.

Jamfør kap 1,3,4,5,7,8 og 9 i Rammeplan for barnehagar og barnehagelova; § 1.

Samarbeid med heimen

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» Sitat frå bhg.lova § 1 og rammeplanen kap 5.

Samarbeidet skal alltid ha barnets beste som mål, og samarbeidet skal vere med på å skape ein heilheit i barnas kvardag. Samarbeidet skal byggjast på gjensidig respekt hjå alle partar.

I Dalsøyra og Hovden barnehage har me fleire møtepunkt der personalet og foreldra kan utveksle informasjon, erfaringar og tips. Her kan me og diskutere ting som går på barna sin trivsel og utvikling, og på barnehagen sitt innhald og utvikling.

- **Oppstartsamalar:** samtale som me tek før oppstarten i barnehagen, sjå brev «Informasjon til foreldre» på heimesida.
- **Hente- og bringesituasjonar:** utveksle daglegdags informasjon
- **Foreldresamtalar:** obligatorisk 2 gongar i året. Her utvekslar me informasjon om korleis det går med barnet i bhg, utvikling, vennskap, utfordringar, ting me skal jobbe med, ynskjer frå foreldre, ros og ris m.m.
- **Foreldremøte:** Her tek me opp aktuelle saker som angår barnehagen, og saker frå foreldre. Me får også av og til besøk frå andre instansar som tek opp aktuelle problemstillingar/tema, td helsestasjon, PPT og barnevern.
- **Foreldreråd:** Dette er alle foreldra i barnehagen sitt råd. Her tek de opp det dykk måtte ha på hjartet, innspel på ting som blir gjort, ynskjer for innhald, kva dykk kan/ynskjer å bidra med, ris og ros m.m.
- **Samarbeidsutval:** Me har felles samarbeidsutval med skulen, og her er det foreldrerepresentantane frå barnehagane som møter. Dette er eit utval som bl.a skal jobbe med skule/barnehage miljø, undersøkingar, innhaldet i skule og barnehage, nærmiljøet m.m.

Me ynskjer dessutan at samarbeidet skal vere så godt at foreldra skal kunne, utanom desse treffpunkta, ringe barnehagen eller be om ein samtale viss dei har noko dei ynskjer å ta opp. Dette gjeld også andre vegen.

Foreldrerepresentant

Dalsøyra; Karina Andersen

Hovden; Ida Eide

Kommunen sin representant i samarbeidsutvalet; Kristin Kvamme Rasch.

Desse tre er representert i samarbeidsutvalet for barnehagar.

Samarbeid med skulen og andre

Som oppvekstsenter har me som mål at me skal samarbeide godt mellom einingane, for å gjere bl.a overgangen mellom barnehage og skule best mogeleg. Barn trivast og lærer utruleg mykje av kvarandre på tvers av aldersgruppene, og dette må me leggje meir til rette for, jfr kap 6 i rammeplanen «Overgangar». Covid-19 og smitteverntiltaka som er gjeldande til ei kvar tid vil vere styrande for korleis og om vi kan gjennomføre dei treffa vi har planlagt.

Dette samarbeider me om:

- Mellomsteget er i barnehagane og les for alle borna – fast kvart år.
- Arbeidslivs-fag, dei har tidlegare laga kai til båten og ny sandkasse på Dalsøyra, plantekasser til felles prosjekt med skulen; «Grøn skule».
- Barnehagen låner gymsal og klasserom til førskuleaktivitetar. Førskulen er med på nokre utedagar.
- Barnehagen er med på den kulturelle skulesekken når det passer våre aldersgrupper.
- Overgangssamtaler for nye 1. klassingar – med løyve frå føresette, jfr rammepl. Kap 6
- Me ynskjer å få til samarbeid med ungdomsskulen, der dei lagar til kafe til bhg.ane, og evt nokre gymtimar el.

Elles samarbeider me med PPT, barnevernet og lokale lag i nærmiljøet. Kvar fredag ettermiddag får avd Dalsøyra besøk av Maria Gjertsen frå Verna Bustad, dette synest både born og vaksne er veldig kjekt.

Språk

Bravo-leiken eit verktøy der ein har korte leikprega økter der målet er å leike seg til auka ordforråd, forståing og språkleg medvit i trygge omgjevnader. Her brukar me både synet, lukta, smaken og den taktile sansen aktivt. Sjå lenke for meir info: <http://www.bravoleken.no/>
Vi har daglege BRAVO samlingar på alle avdelingane.

Dette arbeidet, samt dei vanlege språkaktivitetane – både planlagde og spontane i barnehagen, støtter godt under krava til språkstimulering i rammeplanen.

Inkluderande skule og barnehage

I 2019-2022 Skal me ha fokus på korleis me jobbar for å skape gode relasjonar mellom barn- barn og voksen-barn. Me dramatiserer, me brukar relevant litteratur, eks ti små vennebøker, grønne og raude tankar. Me jobbar med konfliktløysing saman med barna, og dei vaksne skal gå føre som gode rollemodellar og brukar likt utgangspunkt når ein jobbar med konflikhtar og vennskap.

Me jobbar og med prososial åtferd korleis vi er mot og med kvarandre, vere gode med kvarandre, lære å sette pris på kvarandre og selskap av andre barn og vaksne.

Frå 01.01.21 kjem det endringar i barnehagelova, som seier at barnehagen skal arbeide førebyggjande og kontinuerleg for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barn, og forhindre og gripe inn mot krenkingar. Me vil bruke personalmøte og fagdagar på å konkretisere og lage strategiar for korleis me skal jobbe for å oppfylle dette lovkravet. Det å jobbe med gode relasjonar vil vere ein del av det.

Krysskulturelle barn i barnehagen

Nokre av våre barn i barnehagane kjem frå andre land, og har eit anna morsmål enn norsk. Då er det viktig at barnehagen og foreldra samarbeider godt om å støtte språkutviklinga til borna i begge språka, dvs morsmålet heime og norsk i barnehagen – desse språka skal gå hand i hand, jfr Rammeplanen kap 3, s. 24. Barnehagen kan vere behjelpelig med å skaffe lånebøker frå biblioteket på borna sitt morsmål viss nokon ynskjer det, berre ta kontakt!

Krysskulturelle barn har også gjerne andre tradisjonar, levesett, matvanar m.m. som me i barnehagen skal ta hensyn til eller markere. Dette ser me på som ein berikelse til vår barnehage, det er mange måtar å leve på, tenkje på og handle på. Rammeplanen slår fast at barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet, den skal synleggjere, verdsette og fremje mangfald og gjensidig respekt. Samtidig skal barnehagen gje felles erfaringar, og synleggjere verdien av fellesskapet. Alle barn og vaksne skal kjenne at dei er sett, respektert og anerkjend for den dei er – dei er gode nok akkurat slik dei er! Jfr Rammeplan kap 1, s 9.

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

All verksemd i barnehagen skal etter lova og rammeplanen planleggast, dokumenterast og vurderast. Dette gjer me også i Dalsøyra og Hovden barnehage, me har sett det opp slik:

Planlegging.

Me lagar årsplan, handlingsplanar, månadsplanar og vekerplanar. Me har eigne planar for førskulebarna. Desse skal forankrast i rammeplan for barnehagar. Månadsplanen blir lagt ut på heimesida til Dalsøyra barnehage og skule.

Gjennom observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre blir det rom for barns medverknad; deira idear, tankar og meiningar. Dette gjev oss rom for å gje barna allsidige og varierte arbeidsmåtar, engasjerte barn, som utforskar, utviklar og lærer i kvardagen.

Jamfør kap 7, s 37 i rammeplan for barnehagar.

Dokumentasjon.

Når ein skal dokumentere kvardagen i barnehagen er det for å synleggjere korleis me jobbar, vise at me føl dei rammer og lover me skal, barnehagelova og rammeplan for barnehagar. Gjennom årsplanar, handlingsplanar, månadsplanar og vekeplanar viser ein korleis ein jobbar, både langsiktig (årsplan, handlingsplan) og kortsiktig (månadsplan og vekeplanar). Vi brukar også dagstavla i garderoben som dagsdokumentasjon.

Me brukar bilete, teikningar og observasjon som metodar for dokumentasjon av det praktiske arbeidet vårt i barnehagen.

Samt interne kontrollar og vårt arbeide med HMT, helse, miljø og tryggleik.

jamfør kap 7, s 39 i rammeplan for barnehagar

Vurdering.

Me skal regelmessig vurderer vårt pedagogiske arbeid. Me skal beskrive, analysere og tolke det me har gjort, alt dette utifrå kva som står i rammeplan for barnehagar, barnehagelova og våre planar. Dette blir ofte synleggjort, til foreldre, kvar måned i form av evaluering på

månadsplanen. Gjennom personalmøte snakkar ein om korleis det har gått og kva me skal gjere. Kva kan me endre på, kva bør me gjere vidare. Ved å ha fokus på både det som gjekk bra, og det som kan endrast og gjerast annleis, vurderer ein arbeid og planar i barnehagen.

Me brukar og samtalar undervegs, og planlagde barnesamtalar som vurdering for dei planane me har i barnehagen.

Jamfør kap 7, s 38 i rammeplan for barnehagar

OVERSIKT OVER ANDRE STYRINGSdokumenter

Årsplanen må sjås i samanheng med andre styringsdokument som barnehagen arbeider ut i frå. Det er blant anna.

- Lov om barnehager og forskrifter <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> (lovdata)
- Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/> (udir)
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-04-25-486> (lovdata)
- Retningslinjer for mat og måltider i barnehagen <https://www.helsedirektoratet.no/tema/mat-og-maltider-i-barnehagen> (helsedirektoratet)



